Stilbok for
Thea Øyjordet.

16 blad

# På kino.

Det var atter fredagskveld. Utanfor gymnastikksalen stod det stappande fullt med folk. For alle, både store og små ville sjå den gode, morsomme filmen „Lassi på eventyr.

Billettseljaren hadde det svært travelt, for alltid var det einkvan som kom og skulle ha billett. Og når ein så hadde fått tak i dei, så var det å koma så langt fram i køen som råd var. For alle ville gjerne ha god plass.

Venninna mi og eg var av dei fremste i køen, for vi hadde gått frå heime så tidleg som råd var. Det var nokkså kaldt så vi som hadde stått så lenge, tok til å bli kalde.

Endeleg var klokka 7. og döra vart

opna. Vi sprungde på, og no fekk
jamen mannen som tok imot billettane
noko å gjera. For han skulle sjå etter
at ingen kom inn utan å levera
billettane sine.

Venninna mi og eg var i grunnen
heldige til å få oss plass, for vi fekk sett
oss på ein av dei fremste benkene.

Det gjekk ei stund før filmen tok
til, men endeleg sløkte dei ljoset. Og
framme på lakenet kom det til syne
den vakraste „collie" ein nokon gong kunne
sjå, og så tok filmen til for alvor.
Dei tala på engelsk, men det var norsk
tekst, så augo mine stod på stilke
for å få tak i alt som stod, og få
sett alle bilde.

Filmen handla om Lassi som var ein reinrasa, skotsk fårehund som ein fattig gruvearbeidar i Sør-England åtte. Sonen til gruvearbeidaren og Lassi var svært gode vener, og kvar einaste dag møtte hunden opp ved skuleporten for å fylgja guten heim. Og eg tykte det var så rart at ein hund skulle ha så godt vit, for til kvar einaste dag møtte hunden opp akkurat ved den tida skulen var slutt.

Men så ein dag kom ikkje Lassi til vanleg tid, og guten fekk til si store sorg vita at faren hans hadde ikkje råd til å ha hunden lenger. Lassi var ~~solgt.~~ seld.

Eg sat med tårer i augo, og tårene

fekk fritt rema då Lassi vart av sin nye herre sendt til det nordligaste Skottland. Der ho vart sperra inne i ein hundegard for å bli „premiehund."
Jeg høyrde fleire gjenter snøkta bak i salen, for tenk, den stakkars hunden som vart sendt frå sin heim, og guten som måtte unnvera hunden; så glade dei to var i einannan.
Kvar ettermiddag bar Lassi seg åt som galen, ho krafsa og klora på nettinggjerdet, for da visste Lassi at det var på tide å henta guten ved skuleporten.
Til slutt kom Lassi seg ut frå fangeskapet, og tok ut på den lange, farefulle vandring mot sør.
Her vart det ein pause, og Josef

vart lent.
Vemmina mi og eg gjekk ut i garden for å avkjøla oss litt, for det var svært varmt inne i gymnastikksalen.
Men snart vart ljoset slökt att, og vi sprang inn og fann att plassane våre.
Det fyrste vi fekk sjå da, var at Lassi hadde teki til gå den lange ~~van~~ vandringsferda si.
Lassi kom fram i mange vanskar, ho vart mager og veik og leid mykje vondt. Men heile tida kjende ho på seg at ho gjekk den rette vegen, og ~~det~~ vegen gjekk ~~heile tida~~ mot sör.
Guten som eingong hadde ått hunden, var heilt sikker på at han aldri fekk

han tilbake. Men kvar dag når han kom frå skulen, kasta han stutt tida eit blikk på der hunden alltid hadde seti og venta.
Men så var det ein dag guten kom frå skulen, og han kunne ikkje tru sine eigne augo då han kasta eit blikk fram mot skuleporten. For der tok hunden dei siste steg fram mot porten. Lassi var ved målet.
Eg gret, men denne gongen av glede. Eg kunne liksom ikkje tru at hunden hadde gått dei tre kilometrane og funni fram.
Lassi var gjunsket og skygg, men mor til guten fekk i ho mat og stelte med ho på alle måtar, og ho vart snart som før den vakre „collie." Og no skulle guten få ha Lassi for foreldra sine, og det siste

ein såg av filmen var at Lassi og guten kom springande frå skulen, glade og lykkelege. Og guten sang høgt „ Du er min Lassi, kom hjem".
Så kom „The end" til syne på lakenet, og vi skunda oss ut og heimatt.
Men lenge etter hadde eg den gode filmen „Lassi på eventyr" i friskt minne.

H